



Time kommune  
Postboks 38  
4349 Bryne

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsling av tilsyn med Time kommune som miljøstyresmakt på området forsøpling

*Miljødirektoratet har bestemt at det skal førast eit landsomfattande tilsyn av kommunen som forvaltar av miljølovgeving på område forsøpling. Tema for tilsynet vil vera krav som blir stilt til kommunen som forvaltar av forureiningsregelverket. I Rogaland skal tilsynet gjerast i Time, Sola og Tysvær kommunar. Resultata skal samanstillast på landsbasis i ein nasjonal rapport.*

Vi viser til telefonsamtale om mogelege møtedatoar for kommunetilsyn.

### Bakgrunn

Tema for tilsynet vil vera krav som blir stilt til kommunen som forvaltar av forureiningsregelverket, jf. forureiningslova § 48a om tilsyn med kommunane og kommunelova kapittel 10a om statleg tilsyn med kommunane.

Forsøpling er skjemmande og kan føre til skader på dyr, planter og menneske. Kommunen har ei sentral rolle i å førebyggje og å fylgje opp forsøplingsaker. I 2008 hadde den gong SFT og DN ei felles kommuneundersøking på forsøpling og ulovlege stengsler i strandsona. Denne viste store manglar i kommunane si oppfølging av regelverket på forsøplingsområde. Oppretting av nettstaden [miljokommune.no](http://miljokommune.no) er eit resultat av denne undersøkinga.

Fylkesmannen skal saman med kommunen avklare om kommunen si verksemd vert planlagt, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med krava i regelverket.

Resultat frå kommuneundersøkinga i 2017 vil kunne avdekke om det er blitt endring i kommunane sin myndigheitsutøving sidan undersøkinga i 2008.

### Tema for tilsynet

- Organisering og ansvar
- Kommunen sin bruk av myndighet som befaring, pålegg for opprydding og tvangsmulkt
- Renovasjonsordning – og renovasjonsløyningar for fritidsbustadar
- Festivalar/stemner og utsalsstader
- Åpen brenning og brenning av avfall i småovner

## Plan for gjennomføring av tilsynet

Vi har sett opp følgjande plan for gjennomføring av tilsynet:

Torsdag 14.09.2017 kl. 09:00 - 09:15	Innleiande møte
Torsdag 14.09.2017 kl. 09:30 - 14:00	Intervju/ evt. verifikasjon
Torsdag 14.09.2017 kl. 14:30 – 15:00	Sluttmøte

Fylkesmannen ber om at rådmann og etatssjef er til stades i det innleiande møte og sluttmøte og eventuelt andre personar i organisasjonen med instruksjons- og/ eller mynde til å ta avgjerder. Det vil på bakgrunn av tilsendt organisasjonsplan og opplysningar i det innleiande møte, bli klargjort om det er andre personar som Fylkesmannen ynskjer å intervju under tilsynet.

Tilsynet vil bli gjennomført ved at Fylkesmannen intervjuar enkelte personar i ansvarskjeda frå etatssjef, områdeleiar, saksbehandlar etc. Kvart intervju vil vare ca. 30 minutt etter ein på førehand oppsett plan. Nærare orientering om metode og gjennomføring vil bli gitt i innleiande møte.

## Dokumentasjon

I samband med tilsynet ber Fylkesmannen om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Organisasjonskart og/eller anna som syner funksjonar, ansvar og oppgåver i det kommunale miljøvernarbeidet.
- Siste årsrapport frå kommunen.
- Delegasjonsreglement eller anna dokumentasjon som syner delegert myndigheit i kommunen.
- Relevante planar.
- Eksempel på tidlegare saker innan forsøpling, inkludert oppfølging.

Dersom kommunen meiner det er anna materiale som er relevant for undersøkinga, ber Fylkesmannen om å få tilsendt dette. Vi ber om at dokumentasjonen sendes oss innan **01.09.2017** og helst på e-post.

Tilsynet vil bli utført av Margareta Skog og Mariann Størksen. Sistnemnde er kontaktperson hos Fylkesmannen. Marit Sundsvik Bendixen blir med på opningsmøtet.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
Ass. fylkesmiljøvernssjef

Mariann Størksen  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Mariann Størksen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06  
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no